Sjølv om det ikkje akkurat var feite år, var inntektene gode nok til å leve av. Difor vart det ingenting av kriseløysinga med å starte opp som sylvsmed.



Bygdefolk. Ca. 1900.

På lesesirklane hjå Ingeborg Refling Hagen vart han også kjend med ei ung jente frå Søndeled utanfor Risør. Ho heitte Åse Kristensen, og i 1964 stod bryllaupet.

## Eidsvoll

For ein setesdøl kunne ein kanskje tru at det naturlege ville ha vore å vende nasen heimover for å drive som kunstnar der. Men nei: "Eg treng litt avstand til det eg skal arbeide med.," seier Olav. "Mange har filosofert over det. Kinck talar om "Ævnen til længsel". Dersom ein bur midt oppe i det ein trur er det kjæraste, då er alt greitt og ein treng ikkje fundere over det. Då stoppar det. Dessutan er det for lite folk i Setesdal. Eg kunne snautt greitt å leve av kunsten min om eg hadde flytta heim."

I Oslo var det heller ikkje verande. Dei som hadde eineretten på å forstå seg på kunst, likte ikkje det han gjorde. Like lite som Olav kunne finne glede i å lage den kunsten dei etterlyste. Berre få våga å take til motmæle. Ein av dei var Karl Erik Harr som kunstmeldar i Dagbladet. Den som kjenner Harr sin grafikk, ser lett at noko av den

nyromantiske ideologien som pregar Olav Bjørgum sine arbeid, også er å finne der.

Uansett var det stort sett dårlege kritikkar kvar han stilte ut i hovudstaden, og til Høstutstillingen vart han – nær sagt sjølvsagt – refusert. Som den pragmatikar han er, vart filosofien: "Ikkje alt for langt vekk frå der dei folka som kjøper kunst bur, men langt nok ut



*Bygdefolk. Ca. 1900.*

på landet til at folk skjønar kva eg held på med." Bak låg og ei anna og viktig vurdering i høve til kunstnarlivet i hovudstaden. Galleria som tilbaud utstillingsplass var drivne på ein måte som gjorde det vanskeleg for kunstnarane. Det var lang ventetid for å få stilt ut, og salet var sjeldan overveldande stort. Dessutan rekna galleria seg sjølve alt for høg provisjon, gjerne 50-75 %, og då vart det lite att til den som trass alt hadde utført arbeidet.

Valet fall først på Skiptvet, der dei vart verande halvtanna år. Neste stopp var Gullverket på Eidsvoll, og etter ei tid Minnesund i same kommunen. Der hadde det nett vore skulesentralisering, og romslege klasserom kunne leigast til atelier for ein rimeleg penge. I andre høgda var det husvære og god plass til huslyden som etter kvart talde fire. Gunstein vart fødd i 1965, og Helga i 1971.

I eit avisintervju i Eidsvold Blad våren 1973 er Olav Bjørgum svært tydeleg når han kritiserer kunstnarane i Oslomiljøet. Der uttalar han seg på bakgrunn av at han sjølv er ein av dei som greier å livnære seg heilt og fullt som kunstnar. Det nyttar ikkje berre å stille seg utanfor Stortinget med tiggarposen og be om pengar. Kunstnarane må sjølve ta ansvar, samarbeide og leggje til rette for at ein i fellesskap kan skaffe seg ei inntening som er til å leve med. Kunstnarane

må kunne flytje på seg, busetje seg i bygder og småbyar, slik at folk flest kan kome i kontakt med kunsta. Det er eit varsko når opp til 80 % av kunstnarane må leve av anna arbeid, og drive med kunst på fritida. Av det får ein ikkje anna enn hobbykunstnarar.

Initiativet han sjølv hadde teke i den lei var då han saman med biletkunstnaren Inger Kvarving rett før jol i 1970 starta opp det som fekk namnet "Galleri Henrik" på Eidsvoll – då sjølvsagt oppkalla etter Henrik Wergeland. Målsetjinga var, ved sida av å få vise fram og selje arbeida sine, å bidra til å etablere eit kunstnarmiljø i bygda. Men vel så viktig var å etablere eit galleri der også vanlege folk kunne våge seg innom utan å kjenne seg ille til mote. Drifta var på "nonprofit basis", som det heiter, utan provisjon. Utstillaren betalte for straumen, og måtte sjølv vere til stades og passe utstillinga. Dei laga endåtil eit artotek, ein stad der folk mot rimeleg betaling kunne leige med seg kunst heim. "Så gjorde me oss kjende med korleis det fungera utifrå eit galleristandpunkt," smiler Olav.

## «Jol i Setesdal»

Det kan verke noko malplassert å kome med eit joleavsnitt her, men akkurat dette joleheftet har hatt svært mykje å seie for den kunstnarvegen Olav Bjørgum seinare kom til å velje.



*Første illustrasjonen til Jol i Setesdal 1964.*

Det var broren, Torleiv, og ein annan sambygding som heitte Svein Hovet, som sette i gang tiltaket med eit eige jolehefte for Setesdal. Til jol i 1962 presenterte dei eit gildt hefte med mykje lokalt og historisk stoff, stev og dikt i godt utval. Responsen var upåklageleg, og to år etter var Olav Bjørgum ein

av illustratørane. Sidan har han vore med, laga illustrasjonar til artiklane, og frå 1966 også framsida til heftet. Med ein lun humor har han skildra bygdelivet i alle sine fasettar på godt og vondt, og gjort seg til ein kjær jolegjest i nær sagt kvar einaste heim i dalen.




*Framside "Jol i Setesdal" 1999.*

I oppveksten til Olav Bjørgum var det framleis att mange av dei gamle bygdekarakterane. Folk som hadde levd ei stund og som var gode til å fortelje. Men det er ikkje berre hendinga som må vere god: "Skal ein lage bilete med liv i er kroppsspråket viktig. Ein må ha ei god førestellingsevne for å få fram dei gode poenga. Biletet er avhengig av ein modell. Det er stor skilnad på ein direktør og ein tømmerhoggar. Ein vert merkt av det ein held på med. For å kunne sjå og formidle dette må ein ha studert ein del anatomi, og treng dessutan ikkje så reint lite røynsle."

Den fyrste tida teikna han mykje andlet, mange slags andlet. Ikkje andletet til nokon som kan nemnast med namn, men andlet med karaktertrekk. Andlet som var gode å sjå på. Seinare har det vorte heile mennesket. Menneske som held på med eitkvart, som er i rørsle, men som likevel har så mykje indre ro og karakterstyrke i seg.

Gjennom arbeidet for "Jol i Setesdal" vart han pensa inn på eit nytt spor, der han ved å bruke eiga førestellingsevne skapte att desse personane det vart fortalt om i sogene. Kulissane er alltid det gamle bondesamfunnet på bygdene, men personane kan variere ganske mykje avhengig av den rolla dei har i samanhengen. Ofte er

biletet bygt opp med ein humoristisk vri, men ikkje meir enn at det tolest utan å vippe over til berre å vere morosamt. Det ligg tradisjon og historieformidling i uttrykket, ein age for det som har vore, og ikkje sjeldan ei djupare meining. Biletet av mannen som sit og stør hovudet i handa og seier: "Stundom sit eg å tenkjer, å stundom sit eg barre!", har – for den som har tid til å tenkje litt sjølv – stor meining.



Stundom sit eg å tenkjer
å stundom sit eg barre.
Radering.

Artiklane i joleheftet drog han også djupare inn i eit bokverk han kjende godt frå før. Johannes Skar sitt "Gamalt or Sætesdal" er ei fantastisk samling av tradisjonsstoff frå bygdene i dalen, ei nær sagt utømande kjelde for ein kunstnar med så stor interesse for det rotnorske som Olav Bjørgum.

Når dette er sagt, må me leggje til at denne interessa også har ført med seg ikkje så reint få miljøskildringar frå dei andre bygdelaga Olav Bjørgum har eit forhold til; Hedmark og Telemark. Der er gardane større enn i Setesdal, og folket er meir splitta i store og små. Difor har han også der helst valt å skildre småkårsfolket. "Eg fekk no heller aldri nokon plass i storgardsmiljøet," legg han til.

## Til Hamar

Etter åra på Eidsvoll var Olav Bjørgum etablert som kunstnar. Han hadde som nemnt illustrert fleire av bøkene til Ingeborg Refling Hagen, og då "Egilssoga" skulle gjevast ut på nytt i 1970, var det han som fekk oppgåva. Han var flittig deltakar på utstillingar; separatutstillingar og saman med andre.

I 1974 var tida komen til å prøve noko nytt. Reisa vart no likevel ikkje så lang. Berre til Hamar. Røynslene frå "Galleri Henrik" var noko delte. Økonomisk var det ikkje noko gullgullgruve. Det tok mykje tid å administrere, men tanken om å ha ein stad der kunstnaren og den kunstinteresserte kunne møtast, var vanskeleg å leggje frå seg. Kva med å prøve dette i større målestokk?




*Bokillustrasjon 1970.*

Saman med biletkunstnaren Kåre Nordvik sette han i gang planlegginga av eit kunstnarsenter i Kirkegata 12 i Hamar. Han flytta sjølv inn i tredje høgda, i etasjen under heldt Hamar kunstforening til, og mot gata vart det som skulle få namnet Galleri Hamar etablert. Atelier fekk han leige saman med Kåre Nordvik i eit anna kommunalt bygg i Hamar sentrum.

Organisasjonsmennesket Olav Bjørgum hadde planane klare. I Hamar Arbeiderblad for 24. desember 1974 kom han og Kåre Nordvik med det som nærast må oppfattast som ei programfråsegn: "Kunstnermyten må avlives, sier kunstnerne, som vil ut til folket," er ei av overskriftene i artikkelen. Målsetjinga er at kunstnarane og vanleg folk må vere i kontakt med kvarandre. Det må verte slutt på den gamle "uvanen" at kunstnarane oppfattar det som bortimot ei skam å by arbeida sine fram for sal. Kunstnarane treng utfordringar frå publikum, dei må lære å tale om kunstverka sine og gjere sitt til at den distansen som tradisjonelt har vore til folk flest, minkar. Kunstnarane er trass alt vanlege menneske som prøver å uttrykkje noko gjennom det dei gjer. Men det er grunnleggjande at dei ein vender seg til har føresetnader for å skjøne bodskapen.

Middelet er eit kunstnarsenter der ein gjennom oppretting av eit galleri og gjennom kursverksemd kan møte publikum på ein annan måte. Det er heilt visst eit stort behov for t.d. teikneundervisning for ungdom. Som det er no, er det berre oslofolk som kjem inn på Kunst- og handverksskulen, for der er det lagt til rette for slik opplæring. Og då går dei føre folk frå bygdene og småbyane rundt om som manglar tilbod. Eit kunstnarsenter på Hamar vil hjelpe til med å bøte på dette. Når så dei etablerte kunstnarane har sin arbeidsstad side om side, vil folk kunne kome inn og sjå, verte kjende med kunstnarane, og etter kvart få ei betre forståing av det arbeidet som vert gjort. Med tida vil det byggje seg opp miljø som er heilt avgjerande for rekruttering til faget.



Gobelin 1989.

Noko kunstnarsenter vart det no likevel ikkje i fyrste runde. I 1975 hadde Norske Billedkunstneres Fagorganisasjon vorte stifta – frå 1989 Norske Billedkunstnere. Olav vart sjølvsagt medlem, og formann for "Bildende kunstnere i Hedmark". Frå då av var det mogeleg å leggje meir tyngde bak dei krava ein vona å gjennomføre. Og det vart ein snunad i kulturpolitikken. Staten tok meir ansvar, det kom budsjettpostar øyremerkte kunstutsmykking når eit offentleg bygg skulle reisast, og kunstnarane fekk i det store og heile meir ordna økonomi. For Olav var det eit overordna poeng at alle skulle få lov til å vere med. Det var ikkje rett når alle dei gode oppdraga alltid gjekk til den same krinsen av kunstnarar

Samstundes heldt arbeidet med regional organisering fram, og i mars 1982 kunne

Kunstnersenteret i Hamar ved formann Olav Bjørgum ønskje velkomen til den fyrste utstillinga. Kommune og fylke hadde gått inn med pengar, og ansvar for drifta av senteret vart lagt til dei to organisasjonane "Bildende kunstnere i Hedmark", og "Norske Kunsthåndverkere i Hedmark og Oppland." Det vart tilsett ein sekretær i 20 % stilling, og elles vart drifta bestemt av medlemene i styret – ein frå kommunen, to kunsthandverkarar, og så dei to kunstnarane som drog alt saman i gang – Olav Bjørgum og Kåre Nordvik.


*Kvernknarren. Litografi.*

For arbeidet som var lagt ned, fekk dei to i 1982 Hamar Arbeiderblad sin kulturpris, ein hoggestabbe med øks laga av kunstnaren Nils Aas. Kanskje vart nett den prisen eit lite symbol på kunstnaren Olav Bjørgum. Stabben som står og står og er like stø uansett kor mange hogg han vert gjeven!

## Kunstnaren sitt val

Det er av og til påfallande å sjå korleis nokre biletkunstnarar maktar å halde på med det same år etter år. Når ein har valt ei lei, er det vanskeleg å svinge til sides. For folk flest er Olav Bjørgum ein kunstnar som arbeider med trykk i svart/kvitt og gråtonar. Hovudtyngda av produksjonen hans er etter måten små raderingar, dvs. at biletet er gravert eller etsa inn i ei koparplate, som deretter vert brukt til å trykkje ein serie med bilete. Olav har ein klar filosofi på kvifor det har vorte så: "Du veit, ein lyt helst lage i eit format som høver i stogene til folk. Vert det for stort, er det ikkje plass. Og eg vil no helst at bileta

vert hangande der dei passar best. Og så til ein pris som er grei for dei fleste. Skulle eg ha rekna meg vanleg snikkarløn, og halde på i dagevis med same biletet, vert det fort ein kunst berre for dei få."

I seinare år har han også produsert litografi. Motiva er dei same, men med duse fargar. Motivet vert laga på porøs kalkstein, tilført farge, og trykt på papir. Deretter legg ein på ein ny farge og trykkjer, og slik held ein på til biletet er komponert med dei fargane ein vil ha.

Dei som ein eller annan gong måtte ha sete på venteromet på legesenteret i Bykle, veit at han også lagar frodige akvarellar i større format. Felles for det meste han gjer, er at arbeida får ei tekst – av og til ganske lang tekst – med kalligraferte bokstavar. Likeins sin eigen signatur, lett kjennande og lett leseleg.

Treskjeraren er kanskje ikkje så mykje kjend, men mange har nok ein eller annan gong hatt hendene borti Ragnhild Magerøy sine fem bøker om Ingrid Ragnvaldsdatter og hennar etterkomarar, som "Den norske bokklubben" gav ut i 1988. Dei praktfulle trerelieffa som prydar omslaga er Olav Bjørgum sine.




*Bokillustrasjon 1988.*

Eitt av dei større oppdraga i Setesdal var illustrasjonane til Valle bygdesoge. Til den ti band store serien som vart gjeven ut mellom 1985 og 2000 laga han omkring 200 originalillustrasjonar.

Men, som han sjølv seier: "Det er så uendeleg mykje att som eg så gjerne skulle ha gjort, så eg håper eg kan ha mange aktive år ennå." Og plent det seier vi oss så hjartans einige i.

# Gvarv og Sauherad

Midt på 80-talet var borna på veg ut av reiret som det heiter, og spørsmålet om dei ikkje skulle flytje på seg, kom opp endå ein gong. No hadde det vore gildt å få noko som ein åtte



Dansarring. Ca. 1910.

sjølv, og som ein kunne lage til som ein helst ville ha det. Ikkje minst skulle det vere rom med godt ljos til atelier, trykkjerom og rammeverkstad. Alt dette fann dei då det gamle posthuset på Gvarv vart lagt ut for sal sommaren 1986. Kjellar og fyrste høgda vart arbeidsstad, og så husvære oppe. Dessutan kom ein nærare Søndeled og Setesdal, men likevel langt nok unna til å sjå dalen og dølane på god nok avstand. Olav flytta først, og så kom Åse etter. Borna heldt på med sitt. Gunstein utdanna seg til jurist, og etter ei tid var Helga på veg til Setesdal for å lære seg sylvsmedfaget. Eller for å seie det på ein annan måte; å take opp att familietradisjonen. Åse fekk seg arbeid på sjukeheimen, og Olav produserte som aldri før. Folk tykte om det han laga.

Åse hadde i alle år vore ein interessert og dyktig medspelar i mykje av det Olav heldt på med. Det vart eit hardt slag då ho døydde etter kort tids sjukdom i 1996. For Olav vart det ei veldig omstilling, og saknet er stort. Men som han sjølv likevel seier: "Eg har det på sett og vis greitt. Kan halde på med det eg vil. Og så har det vorte fire barneborn. Gunstein har tre, og Helga fekk sin fyrste no på nyåret."

Utstillingar har det vorte lite av dei siste åra, og kunstnaren held seg som oftast temmeleg nær atelieret. Grunnen er ikkje berre det at

han aldri fekk stunder til å ordne seg med førarkortet. "Det siste store var i grunnen då eg var med som ein av OL-kunstnarane i 1994. Folk kjenner meg, og kjem hit sjølve for å få det dei vil ha. Skal ein stille ut på store galleri rundt om, tek dei så mykje av salet at det mest ikkje er att noko til meg. Då er det ikkje bryet verdt. Men for dei som treng eitkvart i ei handvending, har eg eit par stader i Setesdal der dei sel og rammar inn arbeida mine. Teledølane kjem innom sjølve når dei fer forbi Gvarv.



*Gamo i Gamletun. Radering.*

saman så mange parallellar at også teledølane veit å kjenne seg att i Olav Bjørgum sin kunst.

Og teledølane har vore svært gjestfrie: "Det er eit gildt folk. Frå gamalt var det mange her som levde for kunsten og folkemusikken, og alt det dei vyrde av den gamle bondekulturen. Sauherad har eit godt miljø for kunst, og det er gama å bu her."

På mange vis er Telemark ein slags variant av Setesdal. Bygdene er vidare og landskapet opnare enn i Setesdal, og folk er nok òg meir opne. Setesdølane hadde steva sine som ein slags ventil når kjenslene var vanskelege å få fram på vanleg måte. Men musikk, forteljartradisjonen og dei gode sogene, stev, gamle hus, sylvsmedkunst og rosemåling har alt

At dette er gjensidig, kom tydeleg fram då han nyleg vart heidra med Sauherad sin kulturpris. Grunngjevinga for kvifor nettopp han fekk prisen er nokså treffande. Det kan høve å avslutte denne presentasjonen med å gjeve att det som står på diplomet datert 13. desember 2007. Og me sluttar oss så gjerne til gratulantane!

Sauherad kommunes

*kulturpris*

for året 2007 er gitt til

*Olav Bjørgum*

for høyverdig kunstnerisk arbeid, for tradisjonsformidling i kunsten

og for å gjøre kunsten tilgjengelig.



# Olav Bjørgum

Fødd på Bjørgum i Valle kommune, Setesdal 1934. Busett i Gamlegata 12 i Gvarv i Telemark. Medlem av Norske Billedkunstnere og Billedkunstnere i Telemark.

**Utdanning**

1950-1957 Lærling/filigranssylvsmed.
1957-1962 Statens Håndverks- og Kunstindustriskole. Eksamen med innstilling til Kongen.

**Studiereiser**

Italia, Spania, Portugal, Sovjet og dei skandinaviske landa.

**Utsmykkingsoppdrag**

Offentlege institusjonar i Stange, Våler, Ringsaker, Bykle, Valle, Stor-Elvdal, Hamar. Dessutan innkjøpt til utsmykking av ei rekkje andre offentlege bygningar i Setesdal, Telemark, Hedmark m.m.

**Innkjøpt av**

Norsk kulturråd
Kunstsamlingane i Eidsvoll, Gjøvik, Porsgrunn, Løten
Hedmark Fylke
Telemark Fylke

**Illustrasjonsoppdrag**

Har illustrert ca. 35 skjønnlitterære bøker, dessutan ei rekkje andre oppdrag i andre bokproduksjonar / tidsskrift.

**Stipend**

Hedmark fylkes kunstnarstipend 1978
Statlig garantinntekt for kunstnere 1979
Norsk Illustrasjonsfonds stipend 1980
Telemark fylkes kunstnarstipend 1987
Ulrik Hendriksens Minnestipend 1988

**Utstillingar:**

Hamar kunstforening 1970
Illustrasjonsbiennalen i Tsjekkoslovakia 1971
Galleri Mälarstrand, Stockholm 1973
Lillestrøm kunstforening 1973
Trondhjems kunstforening 1973
Galleri Helga, Kongsvinger 1973
Festspillene i Elverum 1974
Valdres kunstforening 1975
Gjøvik kunstforening 1975
Ål 1976
Seljord kunstforening 1978, 1983
Bygland 1980
Kvam kunstlag 1980
Vinjeutstillinga 1981
Lyngdal kunstforening 1981
Heggenes billedgalleri 1983

Åmot kunstforening
Seljordutstillinga 1983, 1992
Galleri Charlie 1985
Os kunstforening 1985
Porsgrunn kunstforening 1985
Trysil kunstforening 1985
Ullensvang kunstlag 1986
Galleri Hillestad 1985, 1991
Galleri Vognhuset, Stavanger 1986
Skien kunstforening, Ibsenhuset 1989, 1995
Galleri Henrik, Eidsvoll 1989
Glomdalsmuseet 1989, 1995
Bamble kunstforening 1990
Ullensvang kunstlag 1990
Fyresdal kommune 1991
Galleri Henrik, Eidsvoll 1992
Kvam kunstlag 1992
Hå kultursenter 1993
Galleri Engen, Brandbu 1993
Galleri Oline, Hamar 1993
Raulandsutstillinga 1993
Norsk natur, OL-utstillinga 1993
Ullensaker kunstforening 1994
Ås kunstforening 1994
Telemark Fylkesgalleri 1994
Søgne kunstlag 1994
Galleri Bi-Z, Kristiansand 1994
Galleri Gaalås 1995

Stasjonsgalleriet Moelv 1995
Grafisk kunst, Oslo
Bø kunstforening 1993, 1995
Mjonøy kultursenter 1994, 1995, 1996
Gruppe 9, Brevik 1995
Galleri Dronning Tyra 1996
Galleri Amare, Stavanger 1996
Sylvartun, Rysstad
Setesdalsmuseet, Rysstad 2008

**Prisar**

Kyrkje- og undervisningsdepartementets bokkunstpris to gonger.
Hamar Arbeiderblads kulturpris 1982
Sauherad kommunes kulturpris 2007

Om bileta:
Foto s. 5, 8, 10, 13, 14, 22. Fotograf: Knut Jonson Heddi. Frå Bygdekunstlaget Knut Heddis Minne.
Foto s. 6. Anna Lund.
Foto s. 9 og 24: Leonhard Jansen, Setesdalsmuseet

Kjelder:
Kunstnaren sjølv, avisartiklar.
Ottar Johansen: Olav Bjørgum. Ein "konstig" setesdøl. (1991)

Dessutan takk til Gunstein Bjørgum, Alfred Ryningen og Anna Stella Karlsdottir for gode innspel og merknadar undervegs.

# Tilbod om gåve frå arvingar etter Olav Bjørgum

Olav Bjørgum er truleg den mest allment kjende kunstnaren frå Setesdal i nyare tid. Han vart fødd på Bjørgum i Valle kommune. Etter avslutta utdanning frå Statens håndverks- og kunstindustriskole si grafiske linje i 1962, etablerte han eigen grafisk verkstad. I 1986 etablerte han seg på Gvarv i Telemark, og budde der til han døydde 16. november 2020.

Olav Bjørgum var ein mangslungen kunstnar, noko som mellom anna går fram av heftet som ligg ved saka, og som Setesdalsmuseet gav ut i 2008 i samband med at vi ei stor utstilling med kunsten hans. Det vart også ei av dei siste utstillingane til Olav, men vi fekk presentert kunsten hans i stor breidde, museet hadde høge besøkstal. I løpet av den tida utstillinga stod oppe, omsette museet for ca. 400 000 i sal av kunst, noko som viser den populariteten han har i bygdene.

Olav Bjørgum var oppteken av dalen og dølane, og det avspegla seg i kunsten hans. Mange kjende seg att i mentaliteten, og kjøpte eit trykk til å ha på veggen.

Det har lenge vore på tale å vise kunsten til Olav i ei permanent utstilling. Han likte sjølv den tanken, og snakka mange gonger om korleis ein kunne fått det til. Tida gjekk utan at det baud seg noko god anledning.

Etter litt munnleg kontakt, mottok Setesdalsmuseet 8. september ein førespurnad om vi kunne tenkje oss å overtake ein stor del av dei arbeida som Olav etterlot seg med tanke på ei permanent utstilling på museet. Sjå vedlagt brev.

Det er ei vederlagsfri gåve men i brevet frå Helga og Gunstein Bjørgum er det ønskje om korleis dei ser føre seg forvaltinga av arven etter Olav. Dette må drøftast vidare, og nedfellast i ein skriftleg avtale.

Ein føresetnad for at ein kan oppfylle ønskja er at Setesdalsmuseet får tilgang til eit dertil eigna utstillingsrom. Slik stoda er i dag, har ikkje museet areal til dette i eksisterande museumsbygg, og treng ein ny fløy. Alternativt at ein finn eksterne utstillingsmogelegheiter.

Dette vil påføre museet kostnadar som ein pr. i dag ikkje har finansiering til, men det vert arbeidd parallelt med å finne ei løysing.

Også det å take imot gåva vil krevje ressursar, men då mest i forhold til eiga arbeidstid i samband med registrering og tilrettelegging for trygg og dertil eigna oppbevaring.

Sørlandets Kunstmuseum, som er eit regionsmuseum, er førespurt om fagleg bistand og råd, og ein håper å få til eit snarleg møte med dei.

**Innstilling til vedtak:**
AAma takkar ja til tilbod frå Helga og Gunstein Bjørgum om vederlagsfri overtaking av den kunsten som Olav Bjørgum etterlet seg og i samsvar med brev av 8. september d.å.

Før overtaking kan finne stad, skal det utformast ein avtale mellom syskena Bjørgum og AAma avd. Setesdalsmuseet som ivaretek familien sine ønskje samstundes som nødvendige forbehold frå AAma si side med tanke på oppfylling vert tekne med.

Administrasjonen set i gang førebuing med å utarbeide ein avtale. Frist 1.12.

Samlingsforvaltningsgruppe gjer ei vurdering av og kvalitetssikrar om AAma disponerer magasin som kan tilretteleggjast for trygg oppbevaring av samlinga.

| BEHANDLENDE ORGAN:<br>Styret AAma-IKS | MØTEDATO:<br>14.10.2021 | SAK NR.:<br>21/21 |
|---|---|---|
| SAKSBEHANDLER:<br>Leonhard B. Jansen | | |

**Behov for større arealer til kontorer og utstillinger i Hovedbygningen på Rysstad**

Vedlagt følger saksutredning for større arealer til kontorer og utstillinger i Hovedbygningen på Rysstad.

**Styret tilrådes å gjøre følgende vedtak:**

AAma set ned ei prosjektgruppe for å utarbeide eit forprosjekt med disposisjonsplan for ein ny fløy på ca. 200 m2 ved Setesdalsmuseet.

Prosjektgruppa arbeider parallelt med å undersøkje muligheiter for ekstern finansiering.

Som medlemmer i prosjektgruppa vert oppnemnde:

- Anna Stella Karlsdottir, ass. direktør AAma/sekretær Setesdalsmuseet Eigedom IKS
- Torunn Charlotte Nyberg, kulturleiar Valle/styremedlem Setesdalsmuseet Eigedom IKS
- Leonhard Jansen, avd.leiar Setesdalsmuseet

Det kan leigast inn ekstern hjelp innanfor ei kostnadsramme på kr 100.000,-

Forprosjektet skal ferdigstillast innan 1.4.2022

# Ny fløy på Setesdalsmuseet Rysstad

Setesdalsmuseet på Rysstad vart planlagt og teikna for godt og vel 30 år sidan. Bygget var nytt og revolusjonerande i forhold til kulturforvaltning og kulturformidling i Setesdal. Sidan oppstarten av museet i 1938 hadde arbeidet vorte drifta av eldsjeler som med liv og lyst tok seg av oppgåvene. I dag vil vi nok konkludere med at det ikkje alltid fagleg sett helt mål, men på den andre sida vart utruleg mykje teke vare på og redda for ettertida.

Setesdalsmuseet fekk ei betydeleg nivåheving, med to tilsette som var utdanna innan faget, utstillingssalar, gjenstandsmottak og magasin, foredragssal og verkstad i kjellaren. Og dessutan kontorplass til dei to tilsette.

Museet vart opna av dronning Sonja den 10. mai 1993, og mykje har skjedd etter den tid. Museet har i dag 7-8 tilsette med arbeidsplass på sjølve museet. På bygningsvernsenteret, som fekk sitt eige bygg i 2014, er det to som arbeider, og verkstaden i kjellaren vart også flytta bort dit. Den eine fløyen, som no inneheld fem kontor, vert i dag leigd bort til Agder fylkeskommune/fylkesmannen.

Utstillingsromma er fylte opp, og foredragssalen vert no bruka til temporære utstillinga. Den gamle verkstaden i kjellaren har vorte forsamlingssal, men også der har ein vorte nøydd til å rigge til ein kontorplass.

Setesdalsmuseet er i den situasjon at ein alltid må flytte på ting når noko nytt skal få plass. Det er tungvint og arbeidskrevjande.

Setesdalsmuseet har nyleg fått tilbod om å overtake ei større samling kunst etter setesdalskunstnaren Olav Bjørgum. Det ligg i korta at ei slik gåve forutset ein plass å stille ut, og då på relativt permanent basis. Setesdalsmuseet har ikkje mulegheit til å svare ja til dette tilbodet om ein ikkje har utsikter til å kunne tilby utstillingsrom.

Eit utstillingsrom vil også kunne nyttast til andre ambulerande utstillingar. Vi ser mellom anna føre oss samarbeid med Sørlandets Kunstmuseum som er eit regionsmuseum.

Setesdalsmuseet ønskjer å byggje på ein fløy på eksisterande bygning på ca. 200 $m^2$.

Ein ønskjer at arealet kan disponerast med (iallfall) desse fasilitetane:

- Utstillingsrom
- Kontorplassar
- Lagerplass/magasin

Prosjektet vil berøre to organisasjonar; Setesdalsmuseet Eigedom IKS som eig bygningar/grunn til nybygg , og Aust-Agder museum og arkiv /avd. Setesdalsmuseet.

**Innstilling:**
AAma set ned ei prosjektgruppe for å utarbeide eit forprosjekt med disposisjonsplan for ein ny fløy på ca. 200 $m^2$ ved Setesdalsmuseet.

Prosjektgruppa arbeider parallelt med å undersøkje mulegheiter for ekstern finansiering.

Som medlemer i prosjektgruppa vert oppnemnde

- Anna Stella Karlsdottir    ass.direktør Aama/dagleg leiar Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Torunn Charlotte Nyberg    kulturleiar Valle /styremedlem Set.mus. Eigedom IKS
- Leonhard Jansen    avd. leiar Setesdalsmuseet.

Det kan leigast inn ekstern hjelp innanfor ei kostnadsramme på kr. 100.000,-

Forprosjektet skal ferdigstillast innan 1.4.2022.

| | | |
|---|---|---|
| **BEHANDLENDE ORGAN:**<br>Styret AAma-IKS | **MØTEDATO:**<br>14.10.2021 | **SAK NR.:**<br>22/21 |
| SAKSBEHANDLER:<br>Jan Ledang | | |

**Eventuelt**

- Styrets arbeidsform, evaluering